

---

KONTAKTBLAD FOR **HJARTDAL**  
Nr.28 Nov. 1999 10.årg.

---

# HISTORIELAG

---

## **Saulandsmann på jakt etter vill- vest-desperado Jesse James etter brutalt bankran i Minnesota**

Utflytt saulending og amerikansk borgarkrigsveteran Karl Olsen Leine, f 1843, son av Ola Torbjørnson Omnes Leine og Anne Johnsdotter Bergen, skal ha vore mellom dei frivillige som tok opp jakta på vestens kanskje mest legendariske banditt, Jesse James, etter eit mislykka bankran i småbyen Northfield sør for Minneapolis i 1876.

*Sjå side 4*



*Side 5:*

Medlemsliste

*Side 6:*

Kulturskattar frå  
Hjartdal til sals

*Side 8:*

Årsmøtereferat

## **Ragnhild Særsland**

Vi fekk ikkje ha Ragnhild Særsland lenge som styremedlem i Hjordal historielag. Ho døydde i vinter straks etter påbegynt pensjonistalder. Ragnhild var eit samfunnsaktivt menneske som gjorde ein stor innsats på mange felt, også innan lokalhistorisk arbeid.

Det er på sin plass å nemne her, at utan hjelpa frå henne som formannskapssekretær, hadde det nok ikkje vore mulig å gjennomføre den store oppryddinga og ordninga i det historiske arkivet til kommunen for nokre år sidan.

Ho var også den som hjelpte til med det praktiske og administrative arbeidet da Alf Mostue skulle skrive av den eldste formannskapsprotokollen. Nå er dette arbeidet avslutta og skriftene er kopiert både til historielaget og kommunearkivet.

## **Nytt i samlinga - og på internett**

Jon Berge sende oss for ei tid sidan ein datadiskett med avskrifter av folketeljingar for Hjordalsbygda 1875 og 1900.

Dette seier vi med hermed mange takk for!

Vi har utskrifter av listene i samlinga. Og vi har lagt listene på Internettssidene til HHL.

Elles er det lagt ut på internett ein artikkel om den kjende presten, skulemannen og biskopen Knut Gislesen frå Hjordal. Denne artikkelen skreiv Gudrun Hovde Gvåle for Telemark Historie 1989.

Du finn også forprosjektrapportane for Heddal mølle - og Halvor Mosebø jr's sær oppgave om dei gamle tuddalsbussane, på nettet.

Har du ikkje datautstyret sjølv, kan du be om hjelp til å finne fram på datamaskinen på biblioteket. Her kan du også få utskrifter.

Adressa til HHL: <http://w1.2350.telia.com/~u235000027/hhl/>

Vi kan også nemne at Hjordal kommune har fått sine sider på internett: <http://home.sol.no/~hjordkom/>

## Kulturpris til Ivar Dahl



Det er gammalt nytt nå, men det må sjølvsagt vere nemnt i bladet at Ivar T.Dahl fekk Hjartdal kommunes kulturpris for 1999. Det var nok av gode grunnar å ramse opp for dette, men det var nok boka “Glimt av Tuddal - før i verden”, som gjorde at all tvil blei feid tilside.

For boka fekk han også Richard Bergeprisen frå Telemark historielag.

(Sjå meir om boka i kontaktblad nr.26)


LS

## HHL-medlem med ny bok

Om det ikkje er Hjartdalshistorie, kan vil likevel nemne at eit medlem av Hjartdal historielag gav ut ei bok i vinter. Frøydis Hagene Skoje har hatt liggande nedskrivne barndomsminne etter mor si. Dette har blitt ei bok på ca 120 sider, med bilder. Boka er trykt på Notodden og utgjeve på eige forlag.

Mora, Hjørdis Hagene, døydde i 1982. Ho skreiv ned dei omlag 50 småstykk dei to siste åra ho levde. Oppveksten hennar var i Brumunddal på Hedemarken. Om dei ikkje kjenner staden, kan eldre folk elles i landet likevel lett kjenne seg att i desse lettlete og underfundige skildringane frå 1920-og 30-åra.

Boka kostar kr.150, og kan bestillast på tlf. 350 23011, eller på denne e-postadressa: [liskoje@hotmail.com](mailto:liskoje@hotmail.com)



*Frå “Gard og ætt i Sauland:*

**2) Ola Torbjørnson Omnes/Leine,** eigar 1829-47?, brukar ca 1835-47, f 1804 på Omnes g 1829 m **Anne Johs.dtr. Bergen f 1812.**

Born:

1 Aslaug f 1830.

2 Torbjørn f 1832, til Wisconsin, USA, i 1880.

3 Johannes f 1834.

4 Gunhild f 1838.

5 Halvor f 1841.

6 Karl f 1843.

7 Sveinung f 1847.

*Les også om bestefar til Carl s.505-506, eller under Upp-Omnes på*

*<http://w1.2350.telia.com/~u235000027/hhl/hsoga.htm>*

**K**arl med sysken og foreldre utvandra i 1847 og slo seg ned i Muskego, Wisconsin. Seinare tok Karl etternamnet Torbensen (Torbjørnson etter faren) Han verva seg 20 år gammel til det legendariske 15. Wisconsin regimentet under leining av Hans Heg.

Han blei såra i eit kjempestort og blodig slag ved Chickamauga i Georgia. Og han blei korporal og oppført på “Æresrullerne for Tapperhed”.

Han har ei stor slekt etter seg, og i familien går historien om at han skulle ha vore med å jakte på Jesse James. Det er ingen grunn til å tvile på denne historien. Hundrevis gjorde ein innsats for å fange denne storforbrytaren, som hadde herja store delar av vesten i åra etter krigen. Jesse James var ein av dei mange unge menn som var øydelegte av krigen, hadde vore på den tapande sørstat-sida og var utan framtid som lovlydig borgar. Det var mange av

## Eit dramatisk utvandrarliv for Carl Torbensen

desse som gjorde uttrykket det ville vesten reelt på slutten av 1800-talet.

Det var lenger sør - i Missouri, at Jesse James opererte for det meste, men i 1876 drog gjengen hans nordover til Northfield, Minnesota for å rane banken der. (Det er nettopp i denne byen, rett sør for Minneapolis, vi finn St.Olaf College, den mest kjende “norske” utdanningsinstitusjonen i USA).

Dette blei ei blodig hending. Bankkasseraren, ein tilfeldig svenske og to av ranarane blei skotne og fleire skadd. Banden kom seg unna, men dei neste dagane var frivillige patruljer - med mellom andre Carl, ute etter dei. Fleire av banden blei tatt eller skotne, men Jesse sjølv kom seg skadeskoten attende til Missouri og heldt seg vekk frå lovbrøt i tre år.

Om Carls liv elles er det å seie at han altså hadde flytt til Minnesota etter krigen, seinare flytte han til Minot, Nord-Dakota, seinare til Canada, og til slutt til staten Washington på vestkysten. Han må ha levd eit godt stykke inn på 1900-talet.

*Anne Haugen Wagn skreiv i haust om denne nesten gløymdde emigranten i Telen . Vi håpar å få dette ut på internett.*

*Sjå også <http://www.15thwisconsin.net/15cc-t01.htm>*

## Medlemsliste HHL 1998:

(Det er på tide å betale 1999-kontingenten.  
Giro skal ligge i dette bladet)

Finn Birger	Andersen	HJARTDAL	Gjertrud Kleveland	Karlsruud	ASKER
Klas	Askildt	SAULAND	Olav O.	Kasin	TUDDAL
Helga Marie	Asland	TUDDAL	Aud og Bjarne	Kleivane	SAULAND
Olav og Marit	Asland	SAULAND	Sigurd	Kåsa	SAULAND
Torgun L og Sverre	Barth	HJARTDAL	Agnes og Kjetil	Langåsdalen	HJARTDAL
John	Berge	KONGSBERG	Aslaug	Langåsdalen	HJARTDAL
Olav	Bergerud	HJARTDAL	Jon	Langåsdalen	HJARTDAL
Bjørge	Bondal	TUDDAL	Mari	Lid	HJARTDAL
Tov-Arne	Bondal	OSLO	Gunnar	Lind	RJUKAN
Ingrid og Gunnar	Bosnes	HJARTDAL	Gunhild K. Bøe	Lonar	SAULAND
Ingebjørg og Hans	Bøe	SAULAND	Halvor	Mosebø	SAULAND
Jon O.	Bøen	TUDDAL	Torkild H	Mosebø	SAULAND
Anne	Dahl	SAULAND	Trygve	Nes	NOTODDEN
Reidun og Ivar	Dahl	TUDDAL	Torgunn	Opsal	SKIEN
Tor	Djupedal	HJARTDAL	Gunvor	Prestårhus	NOTODDEN
Margit	Eikeland	SAULAND	Bjørn	Rugaas	SAULAND
Steinar Asland	Engebretsen	OSLO	Søren S	Sisjord	HJARTDAL
Astrid og Ivar	Espelid/Larsen	HJARTDAL	Gunnar	Sjursen	SAULAND
Birger	Espevik	SAULAND	Torkjell	Skeie	HJARTDAL
Torkjell	Fidjeland	SAULAND	Kari Tjønn og Jan	Skogen	SAULAND
Bjørge Inger	Flatland	HJARTDAL	Frøydis H og Leif	Skoje	SAULAND
Karin og Torkel	Flatland	SAULAND	Reidun og Halvor	Skoje	SAULAND
Kjetil J.	Flatland	HJARTDAL	Heidi Hovde	Skårnes	SAULAND
Ingejerd Kaasa	Flugon	TUDDAL	Gunnulf	Sletta	OSLO
Eilev	Fosse	SAULAND	Erling	Solli	SAULAND
Erna og Kjetil	Fosse	SAULAND	Margit og Torstein	Svalestuen	SAULAND
Marie	Frøland	SAULAND	Einar	Særsland	SELJORD
Ragnhild	Funner	HJARTDAL	Ola H.	Særsland	HJARTDAL
Ragna Hovde	Glosimot	KONGSBERG	Olav	Tho	HJARTDAL
Geir	Hagen	SAULAND	Solveig	Tjønn	TUDDAL
Hans L. Skoje	Hannestad	SAULAND	Torkjell	Tjønn	TUDDAL
Arne	Hardang	SAULAND	Ragnhild	Tokerud	SAULAND
Gunnhild og Heinz	Hartmann	SAULAND	Svein Vetle	Trae	NOTODDEN
Sverre	Haugen	HJARTDAL	Reidar	Tveiten	SAULAND
Anne Sauar	Haugen	HJARTDAL	Tov T.	Tveiten	TUDDAL
Olav T.	Haugen	HJARTDAL	Aslaug	Våle	TUDDAL
Olav	Haukås	TUDDAL	Astrid Nirisrud	Våle	HJARTDAL
Brit Ingjerd	Hjartsjø	HJARTDAL	Olaf T.	Våle	HJARTDAL
Aslaug og Torkel	Hytta	SAULAND	Tor Olav	Våle	HJARTDAL
Arne	Høgetveit	HJARTDAL	Anne Haugen	Wagn	NOTODDEN
Mathis O.	Håtveit	SAULAND	Ingrid	Wangensteen	FLATDAL
Haugan	John	SAULAND	Kristian	Åbø	HJARTDAL
			Anlaug	Aamot	SAULAND
			Signe Marie	Aamaas	HJARTDAL
			Torbjørn	Aamaas	HJARTDAL
			Karin	Aas	OSLO



# KULTUR- SKATTAR FRÅ HJARTDAL TIL SALS

Av Ivar T Dahl

Vi som arbeider for å ta vare på kulturskattane våre i eit opphavelig miljø, opplever for tida sterk motvind. Det beste i vår lokale kulturarv, både frå Tuddal, Hjartdal og Sauland forsvinn som aldri før.

Svært kjøpesterke personar, ofte med investeringsmotiv, byr høge prisar for den rette tingen på auksjonar, eller har mellommenn som forsyner dei med utvalde "favorittar". Mellommannen skummar oftast fløten. Rosemåling av Hans Glittenberg og Thomas Luraas er for tida mest "in".

Dette toppa seg foreløpig ved Eeks auksjon i Skien 23. oktober

der eit hengeskåp frå Tuddal, måla av Thomas Luraas, med påskrifta Kittel Reisjaa 1869, fekk tilslaget på kr. 950.000,- + 15% = kr. 1.092.500,-. Kjøparen var representert ved stråmann pr. mobiltelefon og såleis anonym. Skåpet er laga av ein dyktig snikkar, og rikt dekorert innvendig med småskuffer o.l.

Underskrivne som meiner å kjenne til kven snikkaren er, har tatt kontakt med Eeks auksjonsforretning om at kjøparen kan få handverkaren sitt namn ved å vende seg til underskrivne. Det har foreløpig ikkje vore nokon interesse frå kjøparen si side for dette. Ønsket om å vere anonym, eller

at kven som har laga det vakre skåpet er uinteressant, kan ligge til grunn.

Ein kan då spørje seg om det er kulturinteressene som ligg bak eit slikt kjøp. Er det ikkje nettopp kunstnaren sin ekte signatur som er så viktig ved t.d. prising av biletkunst? Og er det ikkje historia bak kunstverket som er med og gjer det interessant, gjev det sjel og opplevingsverdi?

Eller er det slik at "rikingar" skal ha sitt hengeskåp (penge-skåp) heilt utan lokal tilknytning, helst med prislappen på, og syne venner ved festlege høve?

Ved same auksjonen blei også eit hengeskåp frå Hjartdal med påskrifta Gunlek Halvorsen Aabø aar 1872 selt for 200.000,- kroner.

Neste auksjon hjå Eek er juleauksjonen i desember, og dei håpar sjølsagt at folk hektar skåpa sine av veggen og møter opp!

Truleg heng auken i tjuveri av bondeantikvitatar også saman med det høge prisnivået. At slik vare ikkje omsetjast på gata, slik som bruksting o.l., tyder på at vi her har å gjere med bestillingstjuveri. Kven er det som kjøper dette?

Politiet har og avdekka tjuvegods gong på gong hjå brukt- og antikvitethandlarar, og mi erfaring er at desse ikkje er så interessert i å vite kor det kjem ifrå.

Ein appell til alle medlemmer av Hjartdal Historielag må vere å stå imot dei som lokkar med lettjente pengar for vår felles kulturarv. I Hjartdalsbygdene er ikkje denne tradisjonen til sals. Her bur det folket som stolt syner forvaltaransvar for kulturarven og såleis si eiga slekt, og ærer dei som gjekk føre oss.

Det er eit fattig folk som mister historia si, og ettertida kan dømme oss om vi sel arvesølvet vårt.

## **Finn fram fotografi!**

På nyåret vil HHL prøve å lage ei fotoutstilling med bilde frå gamle dagar og fram til våre dagar. Har du tatt bilde som kan representere dei siste tiåra, og som er av bra kvalitet, er vi interesserte. Kanskje blir det konkurranse.

Meir opplysningar seinare

# REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 22.3.1999

På Nutheim i Flatdal

Ca 15 personar møtte. Møteleiar var formannen Torkel Hytta. Det blei servert kaffe og kaker. Innkalling var sendt alle medlemmene i form av kontaktblad nr. 27.

## 1. Årsmelding

Godkjent

## 2. Regnskap

Godkjent

## 3 Valg

Resultatet:

Formann: Torkel Hytta, (ikkje på valg)

Sekretær: Leif Skoje, (gjenvalg)

Styremedlem: Ivar T.Dahl, (gjenvalg)

Styremedlem: Helga Asland, (ikkje på valg)

Styremedlem: Brit Ingjerd

Hjartsjø, (ikkje på valg)

Styremedlem: Aslaug  
Langåsdaalen, (ny)

## 4 Medlemspengane

Årsmøtet fann at det var på tide å auke kontingenten til 100 kroner, etter at ein nå hadde hatt fire års tenketid etter at forslaget først var oppe.


## 5. Nutheim og den gamle prestegarden

Som venta fekk vi ein framifrå grundig og interessant presentasjon av staden vi var på. Før møtet kåserte Erlend Grøstad om Nutheim og rolla staden hadde hatt for kunstnarlivet i Telemark i eit par generasjonar. Etter møtet hadde vi så omvisninga i den gamle prestegarden frå Hjartdal. Begge delar blei svært godt motteke av møtelyden.

---

Leif Skoje

# HJARTDAL HISTORIELAG



Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150  
Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011  
Bank: Hjarthdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

llskoje@hotmail.com  
<http://w1.2350.telia.com/~u235000025/hhl>

*Kontaktbladet blir laga av Sekretæren i HHL.  
Bladet blir sendt alle medlemmer.  
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde.  
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.*